

Inge Dyrhol

**Arbeidsmarknad
og
Arbeidsløyse og inflasjon**

Prosjekttittel	Arbeidsmarknad og Arbeidsløyse og inflasjon
Forfattar	Inge Dyrhol
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	0805-8075
Sats	Inge Dyrhol
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreiinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

Dette arbeidet har til føremål å vere pensum for studentar på IPA 1. Arbeidsmarknaden er eitt av fleire tema i bolken Innføring i samfunnsøkonomi i emnet Økonomi, og det er ikkje planar om å bruke meir enn maksimum ein dag på temaet. Så arbeidet må vere kortfatta. Tidlegare har kapittel i bøker vore brukte. For vårt føremål har dei hatt ei av to eller begge desse svake sidene:

1. Hatt mykje statistikk og anna empirisk stoff som lett vert forelda
2. Hatt mykje matematikk som IPA ikkje gjev førebunde opplæring i

Det kan sjåast som ei svak side at empirisk stoff ikkje er med i pensumstoffet, men det får heller våge seg. Ajourført empirisk stoff har dei fleste år også hittil berre vore presentert på lysark, og det vil halde fram. Så noko tilbakeveg er det ikkje tale om.

Ei så kortfatta framstilling med avgrensingar som nemnt ovanfor vil alltid ha svake sider. Eg er interessert i andre sine synspunkt på dette. Så langt er mi samla vurdering likevel å bruke arbeidet som pensum.


Innleiing

Munthe (1992) skil mellom fire slags marknader:

1. Produktmarknaden
2. Arbeidsmarknaden
3. Kredittmarknaden
4. Valutamarknaden

Produkt er ei fellesnemning for varer og tenester. Her brukar vi også i daglegtale *pris* som nemning. På dei andre marknadene kallar vi i rekkefølge prisen for *løn*, *rente* og *kurs*.

På arbeidsmarknaden tilbyr arbeidstakarar arbeidskraft og arbeidsgjevarar (-kjøparar) etterspør arbeidskraft. Dess høgre løn, dess større tilbod og mindre etterspurnad. Med andre ord får vi den vanlege ”marknadssaksa”, jf. figur 1.



Figur 1: Arbeidsmarknaden

På arbeidsmarknaden er det vanleg å rekne med at tilbodscurva er nokså bratt. Vi seier då at tilbodet er lite elastisk, dvs reagerer lite på endringar i løn. Dei fleste må jo ha eit kvart å leve av, så sjølv om løna i eit samfunn er lav vil tilbodet av arbeidskraft gjerne vere til stades i stor grad.

Arbeidsløyse vil finnast når tilbodet av arbeidskraft er større enn etterspurnaden, dvs. når lønssatsen er høgare enn w_0 , som er lønssatsen som gjev like stort tilbod som etterspurnad av arbeidskraft. Dette er så langt ei såkalla klassisk framstilling av arbeidsmarknaden.

Særtrekk ved arbeidsmarknaden

Arbeidsmarknaden har visse viktige særtrekk. Lysestøl og Meland (2003:123) nemner fire punkt:

1. Det som vert omsett kan ikkje skiljast frå seljaren
2. I ekstra grad ein forhandlingsmarknad
3. Marknad for den viktigaste ressursen i samfunnet
4. Stor innverknad på inntektsfordelinga

Desse særtrekka gjer arbeidsmarknaden til eit av dei felte der politiske omgrep er mest aktuelle. Dette gjeld t.d. lovgjeving om arbeidsmiljø og arbeidstvistar. Uforsvarlege tilhøve på arbeidsmarknaden er noko folk bokstaveleg tala kjenner på kroppen. Staten ved NAV (Ny arbeids- og velferdsetat) driv med formidling av arbeidskraft og t.d. opplæring av yrkesvalhemma. Å bli utan arbeid kan vere ein tragedie for den einskilde og familiar. Arbeid blir også rekna for å ha ein verdi utover det økonomiske. Vi kan bruke positiv livsutfalding og grunnlag for sjølvstende som stikkord. Desse tilhøva er bakgrunnen for grunnlova § 110:

Det paaligger Statens Myndigheder at lægge Forholdene til Rette for at ethvert arbejdsdygtigt Menneske kan skaffe sig Udkomme ved sit Arbejde.

I St. meld. nr. 9 2006-2007 står:

Verdien av arbeidskraft utgjør nesten 90% av Norges nasjonalformue.

Slike anslag er temmeleg usikre, og ein bør berre ta dei som ein illustrasjon på kor viktig kompetent arbeidskraft er for vidare utvikling av samfunnet også i vårt land. Ein kan også ha etiske innvendingar mot å kalle menneske og deira kompetanse og eigenskapar for nasjonalformue.

Sidan arbeidskraft er ein viktig ressurs, vil høg arbeidsløyse føre til "et betydelig tap av nasjonalprodukt og lavere gjennomsnittlig levestandard" (Steigum 2004:171). "Arbeidsledighet er ikke bare et symptom på ineffektivitet. I et historisk perspektiv har arbeidsledighet som samfunnsprobleme også vært en viktig forklaring på fattigdom og ulikhet i samfunnet" (Sandmo 1994:14).

Nokre definisjonar

Vi tek utgangspunkt i talet på folk i *arbeidsdyktig alder*. Dette er alle i samfunnet med unntak av ein del årsklasser for unge og gamle.

Nokre av dei i arbeidsdyktig alder er *yrkespassive*. Dei kan t.d. vere uføretrygda eller såkalla heimearbeidande. Resten av folket i arbeidsdyktig alder vert kalla *arbeidsstyrken* (dei *yrkesaktive*).

Med *yrkesfrekvens* (*-deltaking*) blir meint kor stor del folk i arbeidsdyktig alder som er i arbeidsstyrken. Yrkesfrekvens er gjerne rekna i prosent.

Folk i arbeidsdyktig alder kan delast opp t.d. etter kjønn og alder. Då kan ein også finne yrkesfrekvens for ymse grupper. Det er t.d. interessant å studere yrkesfrekvens for menn og kvinner over tid. Før i tida var yrkesfrekvensen for menn klart større, men skilnaden vart t.d. i tidsrommet 1970 til 1985 klart mindre. At fleire kvinner har kome med i arbeidsstyrken er også viktig for at yrkesfrekvensen i samfunnet generelt har auka.

Dei *arbeidslause* høyrer til arbeidsstyrken, men er for tida ikkje *sysselsette*. Grunnlaget for å rekne ut prosent arbeidslause er arbeidsstyrken. Moene og Rødseth (1994:90) skriv:

I økonomisk teori blir en person definert som arbeidsledig når han eller hun ikke får arbeid til tross for at han eller hun er villig til å ta arbeid til same vilkår (lønn m.v.) som andre med same kvalifikasjoner får.

Over tid vil personar kunne "vandre" mellom å vere yrkespassive og å vere med i arbeidsstyrken, og naturlegvis mellom å vere sysselsette og arbeidslause.

Det vil vere gråsoner mellom kategoriar som er nemnt ovanfor, t.d. deltidstilsette.

Her er ei meir skjematisk framstilling av definisjonane:

La:

faa = folk i arbeidsdyktig alder

as = arbeidsstryken

s = sysselsette

al = arbeidslause

yp = yrkespassive

yfp = yrkesfrekvens i %

alp = arbeidsløyse i %

Då er:

$faa = as + yp$

$yfp = (as/faa)100$

$as = al + s$

$alp = (al/as)100$

Ulike "slag" arbeidsløyse

Ulike forfattarar har ulike lister over inndeling i ulike "slag" arbeidsløyse. Eg følgjer Steigum (2004:171) som i utgangspunktet berre skil mellom:

1. Strukturarbeidsløyse
2. Konjunkturarbeidsløyse

Strukturarbeidsløyse "henspiller på den gjennomsnittlige arbeidsledigheten, målt som en trend over flere konjunktursykluser". Konjunkturarbeidsløyse "henger sammen med konjunkturbevegelsene i økonomisk aktivitet og blir målt som avvik fra trend".

Har du aldri vore bort i økonomisk fagstoff om arbeidsløyse, vil følgjande førebels vere vanskeleg å forstå, men det vil vonleg rette seg seinare. Steigum (2004:171) skriv og:

Andre navn på strukturledighet som ofte brukes, er "naturlig ledighet" og "likevektsledighet".


For ein som har undervisning om arbeidsmarknad som ein liten brøkdel av arbeidet, og dermed av fagfelt ein må følgje noko med i, var dette frigjerande lesnad. Her var endeleg eit oppsummerande perspektiv på faglege debattar som har vart nokre tiår.

Strukturarbeidsløyse

Steigum (2004:151) skriv:

Utviklingen i de siste 20 år har vist at høy arbeidsledighet er et strukturelt problem og ikke et kortsiktig problem som går over av seg selv.

Sagt på ein annan måte har det funnest arbeidsløyse som ikkje marknadsmekanismen har fjerna på etter måten kort tid. Figur 2 illustrerer strukturarbeidsløyse. Kurvene må tolkast som trendar over fleire konjunktursyklusar.



Figur 2: Strukturarbeidsløyse


I figur 2 viser punktet (L_0, w_0) likevekt på arbeidsmarknaden. N står for arbeidsstyrken. Det er såleis likevekt utan at heile arbeidsstyrken er sysselsatt. Strukturarbeidsløysa er $N - L_0$. Figur 2 illustrerer då og kvifor strukturarbeidsløyse kan kallast likevektsarbeidsløyse. Med lønnsats og sysselsetjing som i likevektspunktet er det t.d. ikkje noko press for lågare løner for å få ein større del av arbeidsstyrken sysselsatt. Arbeidsmarknaden har så å seie falle til ro i likevektspunktet.

Ei kjend empirisk gransking av Phillips av tilhøvet mellom arbeidsløyse og lønsendingar i britisk økonomi i tidsromet 1861-1957 viste at det fanst eit nivå med over null prosent arbeidsløyse som verken skapte oppgang eller nedgang i løn (Munthe 1992:352), dvs. i dette materialet fanst likevektsarbeidsløyse. Naturleg arbeidsløyse er berre eit anna, og etter mi meining dårlegare uttrykk for det same.

Såkalla friksjonar på arbeidsmarknaden kan gje strukturarbeidsløyse. Arbeidstakarar og arbeidsgjevarar har ikkje fullgod informasjon om kvarandre. Sett frå ein arbeidsgjevar si side finst kanskje ein aktuell arbeidstakar på ein heilt annan kant av landet. Det går i det minste noko tid før dei vert kjem i kontakt med kvarandre. I eit komplisert moderne samfunn er det langt frå sikkert at arbeidslause har den kompetanse som ledige jobbar krev. Arbeids-

marknadskurs o.l. tek noko tid. Gode trygder gjer at somme ikkje ivrar så mykje etter å kome i arbeid. Ser ein heile samfunnet under eitt, vil det til ei kvar tid vere ein del slike tilhøve som gjer at det tek tid å matche arbeidstakarar og ledige jobbar. På slike måtar oppstår *friksjonsarbeidsløyse* (Steigum 2004:177-179). Jobbsøking og vurdering av jobbsøknader kan og ta noko tid. Å motverke friksjonsarbeidsløyse med god arbeidsformidling er viktig. Å redusere arbeidsløysetrygda, forkorte perioden ein kan få trygd eller å skjerpe krav om flytting o.l. er meir kontroversielle tiltak. At det kan vere samanheng mellom gode trygdeordningar og strukturarbeidsløyse er eit dilemma for velferdsstaten.

Vi talar gjerne om UV-kurva, der U står for Unemployment (arbeidsløyse) og V for Vacancy (ledige stillingar).



Figur 3: UV-kurva

Figur 3 viser forenkla to tenkjelege UV-kurver. Men først merkar vi oss at i dårlege tider er det gjerne større arbeidsløyse og færre ledige stillingar og omvendt i gode tider. Dette har å gjere med konjunktursvingingar, og vi kjem attende til konjunkturarbeidsløyse. Den horisontale pila viser auke i ledige stillingar gitt same arbeidsløyse. Dette gjev uttrykk for auka "gjenstridigheit" i arbeidsløysa, og UV-kurva lengst til høgre illustrerer såleis auka strukturarbeidsløyse i høve til UV-kurva til venstre.

Ved sida av friksjonsarbeidsløyse vert strukturarbeidsløyse forklart med modellar som "forklarer vedvarende arbeidsledighet med at det eksisterer krefter i økonomien som fører til at *reallønnsnivået systematisk blir liggende for høyt* til at samlet etterspørsel blir like stor som arbeidsstyrken" (:177). I faglitteraturen er det to hovudforklaringar på at løna kan bli liggande så høgt at strukturarbeidsløysa blir høgre enn friksjonsarbeidsløysa:

1. Effektivitetsløn
2. Inntektskamp

Sandmo (1994:12) skriv:

... ideen om "effektivitetslønn"; se for eksempel Stiglitz (1987)¹. Det kan være lønnsomt for en bedrift å betale sine ansatte meir enn den lønnen den måtte betale for nyansatt arbeidskraft, bl.a. for å motivere dem til å bli i bedriften og dermed redusere utskiftningen av arbeidskraft. Det å allerede være innenfor gir altså dem som har arbeid, en strategisk fordel som begrenser mulighetene for dem som er utenfor til å overby dem.

Steigum (2004:181) skriv:

Ved å studere modeller for hele økonomien der alle eller en stor andel av bedriftene tilbyr effektivitetslønn, kan man vise at det oppstår en likevekt med strukturell arbeidsledighet. Arbeidsledige kan være villige til å arbeide for en lavere lønn, men bedriftene ønsker ikke å redusere lønningene fordi det får uheldige virkninger for de ansattes produktivitet. Arbeidsmarkedet kommer derfor i en tilstand av permanent ubalanse.

Merk at sitatet tek til med "ved å studere modeller". Det er vanskeleg å finne ut kor viktig forklaringa som bygger på effektivitetslønn i praksis er. Arbeidsløysa hadde gått vesentleg opp i EU og på same tid ned i USA. Det er lite sannsynleg at effektivitetslønn hadde mykje å gjere med dette (:181).

Hovudforklaringa om inntektskamp inneber at arbeidsgjevarar og arbeidstakarar har ulike interesser når det gjeld lønnsnivå. Arbeidsgjevarar ønskjer lågt lønnsnivå, arbeidstakarar høgt. M.a. forhandlingsstyrke avgjer kva lønnsnivå som blir gjeldande. I figur 2 vil det ikkje vere arbeidsløysa ved den lønssatsen som gjeld i skjeringspunktet mellom etterspurnad og N . Men denne lønssatsen er lågare enn w_0 . Arbeidstakarane si marknadsmakt kan såleis føre til strukturarbeidsløysa. Ein hypotese er at sentraliserte lønsforhandlingar kan gje lågare strukturarbeidsløysa, ved at iallfall store arbeidstakarorganisasjonar til ein viss grad tenkjer på dei arbeidslause (:194), og at begge partar tek meir omsyn til makroøkonomiske tilhøve (Holden 1994:106). Vidare kan ein tenkje seg at både sterkt desentraliserte og sterkt sentraliserte lønsforhandlingar kan gje lågare løn og strukturarbeidsløysa enn bransjevise. Ved forhandlingar på føretaksnivå vil forhandlingspartane begge meir direkte enn på bransjenivå kunne bli skadelidande om føretaket prisar seg ut av marknaden (:105). Auka løn i ein bransje kan føre til press om auka løn i andre bransjar på grunn av (:106-107):

- Auka konsumpris, dvs. redusert kjøpekraft for tilsette i andre bransjar
- Auka innsatsfaktorprisar for dei som kjøper innsatsvarer av bransjen
- "Misunning" (grupper kan leggje vekt på relative løner)
- Lågare effektivitet i andre bransjar om god arbeidskraft derfrå trekkjer til rause bransjar

¹ Stiglitz, J. E. 1987: The causes and consequences of the dependence of quality on price, *Journal of Economic Literature*, 25, no. 1, 1-48.


Ei såkalla nyklassisk oppskrift på korleis ein kan redusere strukturarbeidsløysa er i korte trekk å få arbeidsmarknaden til å fungere meir som produktmarknaden, m.a. ved:

- Mindre organisasjonsmakt
- Færre reguleringar
- Svekka støtteordningar
- Meir incentiv til å søkje arbeid

Færre reguleringar tyder m.a. at det bør gjerast enklare å etablere og drive næringsverksemd. Svekka støtteordningar for næringslivet vil føre til raskare omstillingar. Svekka støtteordningar for dei arbeidslause vil gjere ulempene med å vere arbeidslaus større. Alle punkt i denne oppskrifta er kontroversielle, også politisk.

Konjunkturarbeidsløyse

Vi hugsar at strukturarbeidsløyse var målt som ein trend over fleire konjunktursyklusar. Konjunkturarbeidsløyse vert målt som avvik frå denne trenden. Naturlegvis vil konjunkturarbeidsløyse berre finnast i dårlege tider.



Figur 4: Negativt skift i samla etterspurnad

Figur 4 tek utgangspunkt i figur 2. Steigum (2004:254-255) skriv:

Skift i samlet etterspørsel betraktes som sjokk som setter i gang konjunkturbevegelser.

I figur 4 viser kurva for etterspurnad berre etterspurnad etter arbeidskraft. Men når samla etterspurnad får eit negativt skift, reknar ein med at det også vil føre til eit negativt skift i etterspurnaden etter arbeidskraft. E_1 er kurva for etterspurnad etter arbeidskraft etter eit slikt skift. Vi ser at arbeidsløysa aukar med $L_0 - L_1$, og det er denne delen av arbeidsløysa $N - L_1$ som er konjunkturarbeidsløyse. Eg gjer merksam på at framstillinga ovanfor er sterkt forenkla.

Ei typisk keynesiansk oppskrift på å råde bot med konjunkturarbeidsløyse er at staten skal føre ein ekspansiv finanspolitikk i dårlege tider. Det tyder at staten sine inntekter er større enn staten sine utgifter. På denne måten syter staten sjølv for å auke etterspurnaden i samfunnet. Staten treng ikkje auke sin eigen etterspurnad like mykje som svikten i eit negativt skift. Ein får såkalla *multiplikatorverknader*. Vi skal forklare dette med ein enkel modell henta frå Munthe (1992: 180-181).

La

R = nettonasjonalprodukt

C = privat konsum

I = privat nettorealinvestering

G = offentlege utgifter

Då er det likevekt når

$$R = C + I + G.$$

Enkelt vert føresett at:

$$C = C^0 + cR$$

$$I = I^0$$

$$G = G^0,$$

Heva 0 signaliserer at storleiken er eksogent gitt, dvs ikkje rekna ut i modellen. Konstanten $0 < c < 1$ blir kalla "marginal konsumtilbøyelighet".


Vi set dei tre føresetnadene inn i likevektslikninga, reknar litt og får:

$$R = \frac{1}{1-c}(C^0 + I^0 + G^0)$$

Dersom G^0 aukar med 1 vil R auke med $(1/1-c)G^0$, dvs med meir enn 1. Det er dette vi kallar multiplikatoreffekt. Dersom c t.d. er 0,6 vert multiplikatoren 2,5.

I dei seinare åra har ei slik keynesiansk oppskrift som nemnt ovanfor blitt meir kontroversiell. Såkalla stabiliseringspolitikk er meir blitt ei avveging mellom finans- og pengepolitikk. Men dette kjem vi innpå i andre delar av pensum.


Arbeidsløyse og inflasjon



Figur 5: Phillipskurve i 1950-åra. Kjelde: Vale (1990:77), tilpassa

Figur 5 viser prisstigning i % langs vertikal akse og arbeidsløysing i % langs horisontal akse. Prikkane er observerte data frå ulike land/år. Det er teikna ei kurve som tilnærming til observasjonane. Ei kurve i eit diagram med desse storleikane langs aksane vert kalla ei Phillipskurve etter ein forskar. Den samanhengen kurva viser blir og kalla Samuelson Solow-menyen etter eit par andre kjende økonomar. Philips observerte eigentleg samanhengen mellom lønnsstigning i % og arbeidsløysing i %. Samuelson og Solow observerte prisstigning i % og arbeidsløysing i % (Vale 1990:76). Kvifor meny? Ved å føre ein ekspansiv politikk kan styresmaktene få fart i prisstigninga og få ned arbeidsløysa. Det ser nesten ut som om styresmaktene på kort sikt iallfall kunne velje mellom ulike kombinasjonar av prisstigning og arbeidsløysing, nesten som du vel matrett på ein restaurant. Kvifor valde ein ikkje alltid lågast mogleg arbeidsløysing? I Norge var motkrafta først og fremst at innanlandsk prisstigning førte til større underskot på handelen med utlandet. Dette har vi kalla "utanriksøkonomidilemmaet".

I løpet av 1970-åra skjedde det noko. I mange land, i Norge (1981 og 82), kunne prisane stige sjølv om arbeidsløysa gjekk opp. Dette fenomenet vart kalla *stagflasjon*.



Figur 6: Philips-kurve i 1970-åra kontra 1950-åra. Kjelde: Vale (1990:77), tilpassa

Figur 6 viser korleis prisstiging og arbeidsløyse kan stige på same tid dersom Philips-kurva får eit skift til høgre. Arbeidsløysa hadde blitt meir gjenstridig. Gitt ei viss prisstiging hadde arbeidsløysa blitt større. For ev å kome arbeidsløysa til livs med ekspansiv politikk måtte det til "sterkare lut" enn i 1950-åra. Dei problem ein ekspansiv politikk kan skape i høve til andre målsetjingar i stabiliseringspolitikken vil då gjere seg sterkare gjeldande.

Kvifor hadde så Philips-kurva fått eit slikt skift? Her er nokre lanserte forklaringar til stag-flasjonen i 70-åra:

1. Auka råvarepris, særleg oljepris
2. Tilvenning til inflasjon, forventningar
3. Auka organisering og kravmentalitet
4. Skatte-/lønsspiral


Vi skal kome litt nøyare inn på punkta 2-4 og siterer direkte frå Vale (1990:77-78):

2. Etter en inflasjon på 3-5 % årlig over lengre tid, vil forbrukerne og bedriftene venne seg til dette og handle som om en slik inflasjon er normal. Man vil i større grad ønske å plassere sine penger i realverdier for ikke å tape på prisstigningen. Dette fører til økt etterspørsel, og dermed presses prisene ytterligere opp. Det vil videre bli krevd større inntektstillegg for å kompensere prisstigningen, og dermed øker bedriftenes kostnader. Selve det forhold at man har vennet seg til inflasjonen som noe normalt, tenderer altså til å øke inflasjonen.
3. Økende organiseringsgrad og kravmentalitet på bred front som et ledd i kampen om samfunnskaka. Som ledd i dette reduseres konkurransen i næringslivet gjennom avtaler og sammenslutninger som gjør det lettere å velte kostnader over i prisene. De enkelte lønns-takergrupper skal ha vekst i sine realinntekter og har stort sett bare til rådighet midler som fører til økte lønnskostnader, og prisene stiger. Når prisene stiger, øker lønningene for å beskytte inntektene til lønnsstakerne. Øker lønningene og bedriftenes kostnader, vil dette igjen føre til økte priser for å beskytte eierinntektene (pris-/lønsspiralen).

4. I tillegg har en skatte-/lønnsspiralen. Det offentlige er også med i kampen som samfunns-kaka. Normalt skaffer denne sektoren seg kjøpekraft ved å skrive ut skatter. Øker skattene, blir dette i neste omgang økte kostnader, eller lavere privatdisponibel inntekt, som også må beskyttes ved nye lønnskrav eller økte priser.


Dersom føretak i ein lågkonjunktur silar ut dei med lågast kvalifikasjonar/produktivitet, vil dei arbeidslause gjennomsnittleg ikkje ha same kvalitet som arbeidstakarar som dei syssel-sette. Utsilinga kan ha sin bakgrunn i berre *mellombels* svikt i etterspurnaden. Men iallfall noko av den auka arbeidsløysa kan lett bli meir *varig* samanlikna med utsiling på grunnlag av t.d. ansiennitet (Holden 1994: 114-115). Ved utsiling på grunnlag av ansiennitet er det dei som har vore i føretaket i kortast tid som må gå først, og dei har ikkje utan vidare gjennomsnittleg lågare kvalifikasjonar/produktivitet enn veteranane i føretaket.

Utifrå utviklinga i 70-åra vart det også av Milton Friedman og andre reist spørsmål om ikkje ”Philips-kurva på lang sikt var loddrett”. I sitt store empiriske arbeid hadde Philips som nemnt observert at det fanst eit positivt nivå på arbeidsløysa som gav uendra løn. Figur 7 skisserer dette med ei slik likevektsarbeidsløyse på 6 % som eksempel.




Figur 7: Likevektsarbeidsløyse

Tenk så at styresmaktene vil redusere arbeidsløysa med 2 % til 4 %. Dette blir gjort med ein ekspansiv politikk som også fører til lønsauke, i figur 8 eksempelvis 3 %.




Figur 8

Men ved ei lønsendring på 3 % vil så prisane gjerne auke, sei også med akkurat 3 % for å gjere tankegangen enkel. Det blir då inga reallønsauke. Figur 9 illustrerer dette.




Figur 9

Neste gong vil gjerne arbeidstakarorganisasjonane krevje meir, la oss sei 6 % lønsauke, for å sikre seg reallønsauke, jf. illustrasjonen i figur 10.



Figur 10

Her kan det lett bli gjentakning også av prisauke som veg opp den nominelle lønsauken. I så fall vil arbeidstakarane sitje att med null reallønsauke enno ein gong. Neste gong vil dei gjerne krevje 9 %, osv. Dersom dette resonnementet, som er ei utbrodering av framstillinga i Munthe (1992:361-363), er rett, vil freistnaden frå styresmaktene på å redusere likevektsarbeidsløysa resultere i ein prosess som på lang sikt går mot uendeleg stor lønsendring, dvs. inflasjon, dvs. ei loddrett Philips-kurve som i figur 11.



Figur 11

I samband med strukturarbeidsløysa (likevektsarbeidsløysa) har ein også observert det som blir kalla *hysterese*². Moene og Rødseth (1994:95) skriv:

Hysterese er et begrep som brukes til å beskrive observasjonene en har gjort i mange europeiske land, av at nivået på arbeidsløsheten som er forenlig med en konstant inflasjonsrate avhenger av hvor mye arbeidsløshet en har hatt i tidligere perioder. Erfaringene er at jo høyere

² Etterslep, forseinking

arbeidsløshet en har i dag, desto høyere ledighet er nødvendig for å oppnå en bestemt lav inflasjon i framtiden. Med andre ord finnes det mange mulige arbeidsløshetsnivåer som økonomien kan falle til ro på avhengig av forhistorien.

Varig stor arbeidsløyse kan føre til stadig større skilnad mellom kvalifikasjonane til dei ledige og den arbeidskraft føretaka spør etter. Langtidsledige kan miste noko av motivasjonen til stadig å søkje arbeid, ein blir "discouraged" og er på gli ut av arbeidsstyrken. Ein hypotese er at dei som allereie har jobb i føretaka i gode tider pressar opp lønningane slik at talet på nye jobbar ikkje blir så stort som auken i etterspurnaden skulle tilseie. Dette avsnittet er eit samandrag (på mitt ansvar) av stoff frå Moene og Rødseth (1994:95-97).


I dårlege tider kan føretak leggje ned mindre lønsame produksjonsstader. Når tidene vert betre, vert framgangen bremsa fordi det tek tid å byggje opp ny kapasitet. I ein liten open økonomi som Norge kan konkurranseutsett verksemd bli bygd ned i oppgangstider. Når konjunkturane vert dårlegare, kan ny produksjonskapasitet likevel framstå som dyr i høve til den som var, og det tek i alle fall tid å byggje oppatt kapasiteten. Låg arbeidsløyse kan føre til at føretak held på tilsette. Ved høg arbeidsløyse kan det fortone seg lettare å få tak i folk om konjunkturane snur. Ved høg arbeidsløyse kan føretaka i større grad velje å tilsetje folk mellombels. Korleis eitt føretak opererer på arbeidsmarknaden vert påverka av kva andre føretak gjer. Dette avsnittet er eit samandrag (på mitt ansvar) av stoff frå Moene og Rødseth (1994:97-98), og som har slik avrunding:

En bedriftsadferd som søker størst mulig fortjeneste kan enten opprettholde en situasjon med kortsiktige ansettelsesforhold og arbeidsløshet, eller en situasjon med full sysselsetting og langsiktige arbeidsforhold. Den same grunnleggende struktur kan resultere i begge typer situasjoner. Hvilken av dem som økonomien havner i, avhenger av arbeidsløsheten i utgangspunktet, som igjen kan være påvirket av hvilke sjokk økonomien tidligere har vært utsatt for.

Dersom økonomien, i en situasjon med full sysselsetting og langsiktige jobber, utsettes for en midlertidig svikt i etterspørselen, kan den bevege seg over til en situasjon med betydelig ledighet og kortsiktige jobber. Når en først havner i den nye tilstanden, kan også den opprettholdes gjennom en selvbekreftende sysselsettingspolitikk fra bedriftenes side. Det er altså ikke nok at etterspørselen vender tilbake til utgangspunktet for å få næringslivet til å tilby langsiktige jobber igjen. Økonomien må stimuleres langt over det aktivitetsnivået den hadde tidligere for å få til en tilbakevending til langsiktige ansettelsesforhold.

Figur 12 viser utviklinga i tilhøvet mellom prisstigning og arbeidsløyse i Norge i åra 1979 til 2000. Vi ser at det berre er somme periodar med "fallande kurve". Populært sagt er det ikkje lenger tale om ei Philips-kurve, men om "Philips-krøllar".

I 2005 var inflasjonen i Norge 0,9 % og arbeidsløysa mellom 4 og 5 %. Dette er ikkje i samsvar med observasjonar for nokre tiår tilbake. Billig import frå m.a. Kina vert rekna som ein viktig grunn til den låge inflasjonen.



Figur 12: Philips-krøllar for Norge 1979-2000. Kjelde: Ringstad (1997:322)

Steigum (2004:398) skriv:

... erfaringane taler sterkt for at det ikke eksisterer noe langsiktig bytteforhold mellom inflasjon og arbeidsledighet.

Den faglege diskusjonen kring ein mogleg samanheng mellom prisstiging og arbeidsløyse er likevel ikkje avblåst. Her er t.d. eit sitat frå samandraget for ein artikkel av Lundborg og Sacklén (2006):

The results indicate that raising the Swedish inflation target from 2 to 4 percent would bring long-run unemployment down several percentage points.

Men vi får nøye oss med å ha referert ein del drøfting av emnet Arbeidsløyse og inflasjon.

Meir om tiltak for å redusere arbeidsløysa

Å kome utav ein situasjon med arbeidsløysa kan vere vanskeleg rett og slett fordi arbeidsløysa kan ha fleire årsaker. Sysselsetjinga kan avgrensast av faktorar som (Moene og Rødseth 1994: 90-91).

1. Hvor mange som er villige til å ta arbeid til gjeldende lønns- og arbeidsvilkår, og hvor mye disse er villige til å arbeide (Arbeidskraftstilbudet)
2. Tilgangen på produksjonsmidler, dvs. hvor mange arbeidsplasser en fysisk sett har (Etablerte arbeidsplasser)
3. Hvor mye arbeidskraft det lønner seg for bedriftseierne å bruke (Lønnsomheten)
4. Hvor mye arbeidskraft som trengs for å dekke etterspørselen etter varer og tjenester (Etterspørselen)
5. I hvilken grad bedriftene og de som søker arbeid finner hverandre og har kvalifikasjoner/kvalifikasjonskrav som passer til hverandre (Parproblemet)

Moene og Rødseth (1994:98-99) skriv vidare:

Det er imidlertid en interessant sammenheng mellom skrankene som kan komme til syne når en eller flere av dem endres. Som nevnt blir det (økt) arbeidsløshet når en av de siste fire skrankene setter en snevrere grense for sysselsettingen enn tidligere. Men når først en av de fire skrankene har blitt flyttet innover, setter det i gang prosesser som gjør at de andre skrankene flytter etter. Eksempelvis leder etterspørselsfall lett til økte lønnsomhetsproblemer og tap av etablerte arbeidsplasser.

I tillegg kan som vi har gjort greie for ”forekomsten av betydelig arbeidsløshet i seg selv endre adferden i arbeidsmarkedet” (:99).

Og av slike grunnar er ei utvikling ut av arbeidsløysa ikkje det same som ei reversering av prosessen inn i arbeidsløysa (:99). For å få auka arbeidsløysa er det nok at éin ting går galt, men ”alt” må gå godt for å kome ut av arbeidsløysa (:99).

Eit verkemiddel for å minske arbeidsløysa er arbeidsmarknadstiltak, som kan klassifiserast slik (Holden 1994:115):

- Formidling
- Kvalifisering
- Mellombelse sysselsetjingstiltak

Tiltaka kan ha tre hovudverknader på arbeidsløysa:

- Påverkar kvar einskild sin sjanse til å finne nytt arbeid
- Fortrenging, slik at dei som er på tiltak kjem i jobb på andre sin ”kostnad”

- Påverkar lønsdanninga

Dersom låg samla etterspurnad er ein viktig grunn til arbeidsløysa, vil tiltak verke fortregande dersom ikkje etterspurnaden aukar. Arbeidsmarknadstiltak kan auke dei offentleg utgiftene. Dei kan og subsidiere jobbar. Begge delar kan gje auka etterspurnad og motverke fortrenging (:116). Fortrenging kan vere tilsikta ved at ein meiner å hjelpe dei som i minst grad er attraktive på arbeidsmarknaden – dei andre arbeidslause bør i større grad kunne hjelpe seg sjølve til å kome i arbeid (:117).

Ein hypotese er at arbeidsmarknadstiltak fører til lønspress oppover fordi dei kan dempe ulempene ved å bli arbeidslaus (:117).

Referansar

- Holden, Steinar 1994: Noen strukturelle trekk ved arbeidsmarkedet: System for lønnsdannelse, jobbsikkerhet og arbeidsmarkedstiltak, i Agnar Sandmo red: *Perspektiv på arbeidsledigheten*, SNF-Årbok, Fagbokforlaget.
- Lundborg, Per og Hans Sacklén 2006: Low-inflation Targeting and Long-Run Unemployment, *Scandinavian Journal of Economics*, Vol. 108, No. 3, pp. 397-418, October.
- Lysetøl, Peder Martin og Eilif A. Meland 2003: *Velferdsstatens økonomi*, Universitetsforlaget.
- Moene, Karl Ove og Asbjørn Rødseth 1994: Att og fram er ikke like langt, i Agnar Sandmo red: *Perspektiv på arbeidsledigheten*, SNF-Årbok, Fagbokforlaget.
- Munthe, Preben 1992: *Sirkulasjon, inntekt og økonomisk vekst*, Universitetsforlaget.
- Ringstad, Vidar 1997: *Samfunnsøkonomi – Makroøkonomiske emner*, Cappelen Akademisk Forlag.
- Sandmo, Agnar 1994: Arbeidsledigheten i perspektiv, i Agnar Sandmo red: *Perspektiv på arbeidsledigheten*, SNF-Årbok, Fagbokforlaget.
- Steigum, Erling 2004: *Moderne Makroøkonomi*, Gyldendal Akademisk.
- St. meld. nr. 9 2006-2007 *Arbeid, velferd og inkludering*.
- Vale, Per Halvor 1990: *Innføring i samfunnsøkonomi*, Tano.